

LOVNORM FOR SÆRKRETSE/REGIONER

Vedtatt av Idrettsstyret 16. november 2021.

LOVNORM FOR SKIKRETSE

Vedtatt av Skistyret 17. mars 2023.

LOV FOR SOGN OG FJORDANE SKIKRINS

Sist endret 03.06.2023.

§ 1 Føremål

- (1) Skikrinsen sitt føremål er å arbeide for skiidretten si utvikling innan krinsen, samt fremme samarbeidet med idrettslaga. Skikrinsen skal bistå Norges Skiforbund (NSF) i alle spørsmål som gjeld skiidretten innan krinsen.
- (2) Arbeidet skal vere prega av frivillig innsats, demokrati, lojalitet og likverd. All idrettsleg aktivitet skal bygge på grunnverdiar som idrettsglede, felleskap, helse og ærlegdom.

§ 2 Organisasjon

- (1) Skikrinsar opprettast, samanslåast og oppløysast av NSF, som også fastset skikrinsen sine grenser. Skikrinsen sine grenser treng ikkje følgje dagens fylkesgrenser.
- (2) Skikrinsen består av alle idrettslag innanfor skikrinsen sine grenser som er medlem av NSF og Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komite (NIF)
- (3) Gjennom NSF er Skikrinsen eit organisasjonsledd innan NIF.
- (4) For reglar om skikrinsen si plikt til å overhalde NIF og NSF sitt regelverk og vedtak, gjeld NIFs lov §§ 2-2 og 2-3.

§ 3 Oppgåver

Skikrinsen skal m.a.:

- a) Representere og førestå NSF i saker knytt til den enkelte idrett.
- b) Stimulere til samarbeid mellom idrettslaga som driv skiidrett. Førestå idrettskrinsen i spørsmål av felles interesse for fleire idrettar.
- c) Godkjenne krinsen si terminliste med renn, greiner og datoar for renn, samt oppnemne dommarar/ teknisk delegerte (NSF/ TD), i samsvar med gjeldande rennreglement.
- d) Førestå skiidrettsfagleg utdanning i samsvar med NSF sine planar.
- e) Sytte for gjennomføring av krinsmeisterskap, samt stimulere til anna idrettsleg verksemd med mest mogleg variasjon og omfang.
- f) Gje fagleg bistand ved planlegging og bygging av idrettsanlegg.

- g) Legge fram årsmelding og rekneskap innan fastsette fristar, og søke om økonomisk støtte frå NSF og idrettskrins.
- h) Gjennomføre NSF sin strategiske plan innanfor skikrinsen sine grenser og myndigheitsområde.

§ 4 Kontingent og avgifter

- (1) Kontingenten og avgifter for idrettslaga vert fastsett av skikrinetinget.
- (2) Skyldig kontingent/avgift fører til tap av stemmerett og andre rettigheter på Skikrinetinget. Skikrinsstyret kan råde NSF at lag, som skyldar kontingent eller avgift for meir enn eitt år, mistar sitt medlemskap¹ i NSF.

§ 5 Kjønnfordeling

For reglar om kjønnfordeling i styre, utval m.v. og ved representasjon til årsmøte/ting i overordna organisasjonsledd, gjeld NIF si lov § 2-4.

§ 6 Regler om stemmerett, kven som kan veljast, forslagsrett mv.

For reglar om stemmerett, kven som skal veljast, og forslagsrett, gjeld § 12 og NIF si lov § 2-5.

§ 7 Inhabilitet

For reglar om inhabilitet, gjeld NIF si lov § 2-8.

§ 8 Krav til vedtak, fleirtalskrav og protokoll

For reglar om krav til vedtak, fleirtalskrav og protokoll, gjeld NIF si lov § 2-9.

§ 9 Refusjon av utgifter og godtgjersle

For reglar om refusjon av utgifter og godtgjersle, gjeld NIF si lov § 2-10.

§ 10 Regnskap og revisjon mv.

For reglar om rekneskap og revisjon mv., gjeld NIF si lov §§ 1-7, 2-11, 2-13 og 2-14.

§ 11 Skikrinetinget

- (1) Skikrinetinget er skikrinsen sitt høgste styringsorgan, og skal haldast annan kvart år innan utgangen av mai i år det ikkje vert avvikla Skiting. Skikrinetinget kan med 2/3 fleirtal vedta å halde ting kvart år.
- (2) Ordinært og ekstraordinært skikrineting gjennomførast i samsvar med denne lov og NIF si lov §§ 2-15, 2-16, 2-17, 2-19, 2-20

§ 12 Møterett, talerett, forslagsrett og stemmerett

- (1) Forslagsrett til skikrinetinget:
 - a) Skikrinsen sitt styre.

- b) Eit representasjonberettiga idrettslag
 - c) Møteberettiga komite/utvalg, i saker som ligg innanfor sitt arbeidsområde
- (2) Møterett, talerett, forslagsrett og stemmerett på skikrinstinget:
- a) Skikrinsen sitt styre
 - b) Representantar frå idrettslaga etter følgjande skala:
 Representasjon beregnes etter
 Medlemstal inn til 50 - 2 representantar
 Medlemstal 51-100 - 3 representantar
 Medlemstal 101-200 - 4 representantar
 Medlemstal over 200 - 5 representantar
 og delast organisasjonen samtidig med innkallingen til skikretstinget.
- For representasjonsrett for idrettslag, gjeld NIF si lov § 10-3 (1).
- Reisefordeling kan nyttast.
- (3) Møterett, talerett og forslagsrett på skikrinstinget i saker som ligg innanfor utvalget/komiteen sine arbeidsområde:
- a) Kontrollutvalget sine medlemmar
 - b) Valkomiteen sine medlemmar
 - c) Leiarar i tingvalde utval/ komitéar, eventuelt nestleiar eller medlem dersom leier er hindra frå å møte.
- (4) Møterett og talerett på skikrinstinget:
- a) Representant fra NSF og NIF
 - b) Engasjert revisor, i saker som ligg innanfor sitt arbeidsområde
- (5) For å ha stemmerett, vere valbar til tingvalde organ og kunne veljast/ som representant til ting, må man ha fylt 15 år i løpet av kalendaråret, vere medlem av idrettslag tilslutta skikrinsen i minst ein månad og ha gjort opp sine økonomiske forpliktingar til idrettslaget.
- (6) Ein person kan ikkje samstundes inneha meir enn eit av følgjande verv i skikrinsen: medlem av styret, valkomité, kontrollutval, lovutval, revisor. Person med slikt verv kan ikkje møte på skikrinstinget som representant for anna organisasjonsledd.

§ 13 Skikrinstinget sine oppgåver

Skikrinstinget skal:

1. Godkjenne de frammøtte representantane.
2. Velge dirigent(ar)
3. Velge protokollførar(ar)
4. Velge to representantar til å underskrive protokollen.
5. Godkjenne forretningsorden
6. Godkjenne innkallinga
7. Godkjenne sakslista
8. Handsame skikrinsen si årsmelding, herunder årsmelding frå tingvalde organ
9. Handsame
 - a. skikrinsen sin regnskap
 - b. styret sin økonomiske beretning

- c. kontrollutvalet si beretning
- d. eventuell beretning frå engasjert revisor
- 10. Handsame saker som framgår av godkjend saksliste
- 11. Fastsetje kontingent.
- 12. Handsame langtidsplan og langtidsbudsjett
- 13. Føreta følgjande val:
 - a) Skikrinsstyret med leiar og nestleiar, 2 styremedlemmar og 2 varamedlemmar.
 - b) Leiarar av fagkomiteane i skikrinsen
 - c) Nestleiar og medlemmar i fagkomiteane i skikrinsen, alternativt at skikrinstinget gjer styret fullmakt til å oppnemne desse.
 - d) Kontrollutvalg med leiar, nestleiar og 1 medlem og 1 varamedlem.
 - e) Representantar til ting og møter i dei organisasjonsledd skikrinsen har representasjonsrett eller gje skikrinsstyret fullmakt til å oppnemne representantane.
 - f) Valkomite med leiar, 2 medlemmar og 1 varamedlem.

Leiar og nestleiar vert valde enkeltvis. Dei øvrige medlemmane til Skikrinsstyret vert valt samla. Deretter vel ein varamedlemmane samla. Der det velgast fleire nestleiarar/ varamedlemmar skal det veljast 1 nestleiar/varamedlem, 2. nestleiar/varamedlem osv

- 14. Bestemme om det skal engasjeres revisor til å revidere Skikrinsen sin rekneskap.

For regler om stemmegjeving på skikrinstinget, gjeld NIF si lov § 2-21.

§ 14 Skikrinsen sitt styre

- (1) Skikrinsen vert leia og forplikta av styret som er skikrinsen sitt høgste styringsorgan mellom tinga. Styret består av leiar, nestleiar, minimum 2 (to) styremedlemmar med varamedlemmar og leiarar i fagkomiteane i krinsen.
- (2) Skikrinsstyret skal m.a.:
 - a) Setje i verk Skikrinstinget og overordna organisasjonsledd sitt regelverk og sine vedtak
 - b) Sjå til skikrinsen sin daglege administrasjon, representere skikrinsen, og utøve fagleg myndigheit innan skikrinsen sine grenser.
 - c) Sjå til at skikrinsen sine midlar vert brukt og forvalta på ein forsiktig måte i samsvar med dei vedtak som er fatta på tinget eller av overordna organisasjonsledd, samt syte for at skikrinsen har ei tilfredsstillande organisering av rekneskaps- og budsjettfunksjonen, og har ei forsvarleg økonomistyring.
 - d) Arrangere eller la andre organisere krinsmeisterskap og andre konkurransar i krinsen, og utarbeide terminlister for dette.
 - e) Utvikle skikrinsen sin organisasjon og aktivitetstilbod.
 - f) Oppnemne utval, råd og komitear etter behov, samt utarbeide mandat/ instruks for desse.
 - g) Sende årsmelding til Skistyret seinast innan 01. juli kvart år.
- (3) Styret skal halde møte når leiaren bestemmer det eller minst to av styremedlemmane krev det.
- (4) Det nye skikrinsstyret trer i kraft straks etter skikrinstinget er avvikla.
- (5) De kan setjast ned eit arbeidsutval til å ta seg av den daglege drifta.

- (6) Tilsette i skikrinsen kan møte med tale- og forslagsrett.

§ 15 Skikrinsen sine fagkomitear for alpint, freestyle, hopp, kombinert, langrenn og telemark

Skigreiner med aktivitet i skikrinsen skal ha fagkomitear. Komiteane er rådgjevande organ ovanfor Skikrinsstyret. Komiteen er utøvande organ i sine greiner innanfor fullmakt og med arbeidsoppgåver fastsett av Skikrinsstyret.

a. Samansetjing av fagkomiteane i skikrinsane

(1) Krinsen sine fagkomitear består av leiar, nestleiar og minimum 1 (eitt) medlem.

(2) Fagkomiteane sine leiarar vert vald på Skikrinstinget. Nestleiar og medlemer veljast på Skikrinstinget, eller vert oppnemnt av Skikrinsstyret etter fullmakt frå Skikrinstinget.

b. Fagkomiteane sine oppgåver i skikrinsane

(1) Skikrinsen sine fagkomitear rapporterar til Skikrinsstyret.

(2) Komiteane sine hovudoppgåver er mellom anna:

- a. Rekrutterings-, breidde-, utviklings-, utdanningsarbeid i respektive greiner innanfor skikrinsen.
- b. Topp- og elitearbeid i respektive greiner innanfor skikrinsen.

(3) Komiteane sine øvrige oppgåver er m.a.:

- c. Utarbeide forslag til handlingsplan og budsjett som godkjennast av Skikrinsstyret, og føre løpande kontroll med forbruk av dei midlar Skikrinsstyret har godkjent.
- d. Setje i verk nødvendige korrigeringar av verksemda i høve til rekneskapsrapportar.
- e. Legge fram handlingsplan og budsjett for fagmøtet.
- f. Samordne terminlista innanfor skikrinsen i respektiv grein.
- g. Ta ut løparar til representasjonsoppgåver.
- h. Ta ut leiarar til representasjonsoppgåver.
- i. Sjå til utdanningsverksemda i respektiv grein.
- j. Komme med forslag til Skikrinsstyret til instruksar for trenarar og leiarar.
- k. Komme med forslag for Skikrinsstyret om arrangør av krinsmeisterskapen.
- l. Komme med forslag om teknisk delegerte (NSF/TD) og dommarar i samsvar med gjeldande rennreglement, samt eventuelt komiteen sin representant til renn utvalt av komiteane.
- m. Vurdere å fremme forslag til Skikrinsstyret om tiltak som kan bidra til å fremme respektive greiner, også anleggsprosjekt.
- n. Legge fram rekneskap og årsmelding til Skikrinsstyret innan fastsette fristar.

o. Handsame andre spørsmål som Skikrinsstyret pålegg komiteen.

(4) Tilsette i skikrinsen kan møte i fagkomiteane med tale- og forslagsrett.

c. Fagmøter i skikrinsane sine fagkomitear

(1) Fagmøtet er rådgjevande organ for Skikrinstinget, Skikrinsstyret og fagkomiteen i krinsen i respektiv grein innanfor komiteen si oppgåve- og myndigheitsområde.

- a. Det skal avviklast fagmøter kvart år innan utgangen av mai og elles ved behov.
- b. Fagmøtet uttalar seg om komiteen si verksemd, økonomi, planar for anlegg, kurs, trening- og rennaktivitet.
- c. Fagmøtene legg fram for valkomiteen forslag til kandidatar som komiteen sin leiar, nestleiar og medlemmer.
- d. På fagmøta møter med stemme- og forslagsrett medlemmane av fagkomiteen i respektiv grein og minst ein representant for kvart idrettslag med aktivitet i greina. Tal representantar frå idrettslaga vert fastsett av Skikrinstinget.

(2) Noverande ordning med representasjon vert vidareført automatisk ved første fagmøte etter at denne lov er vedtatt. Ved samanslåing av skikrinsar vert representasjonen fastsett av dei aktuelle skikrinsane.

(3) Representasjon frå idrettslaga vert fastsett av Skikrinstinget etter idrettslaga sine aktivitetstal for respektiv grein i høve til idrettsregistreringa same år som fagmøtet.

(4) På fagmøtet kan trenarar, dommarar, teknisk delegerte og andre som utøver organisert aktivitet i greina møte med tale- og forslagsrett.

(5) Ordning med reisefordeling kan nyttast.

§ 16 Kontrollutval, valkomite og øvrige tingvalde organ

(1) For reglar om kontrollutvalet, gjeld NIF si lov § 2-12.

(2) For reglar om valkomiteen, gjeld NIF si lov § 2-18.

(3) Anleggsutval

Anleggsutval med det tal medlemmer som Skikrinsstyret avgjer.

§ 17 Allmenne disiplinærtiltak, sanksjonar og straff

For allmenne disiplinærtiltak, sanksjonar og straff gjeld NIF sitt regelverk (NIF si lov kap. 11, NIF si lov kap. 12 og Antidopingregelverk), og bestemmelsane i NSF si lov og rennreglement.

§ 18 Avtalar og samarbeid mellom skikrinsen og næringslivet

For reglar om avtalar mellom skikrinsen og næringslivet, gjeld NIF si lov kapittel 13 og bestemmelsane i NSF sitt fellesreglement.

§ 19 Idrettens marknads-, medie og arrangementsrettigheter

For reglar om marknads-, medie- og arrangementsrettigheter, gjeld NIF si lov kapittel 14.

§ 20 Lovendring

For reglar om lovendring, gjelder NIF si lov § 2-2.

§ 21 Oppløysing

Skikrinsen kan berre oppløysast av NSF. Ved oppløysing eller anna opphøyr av skikrinsen går skikrinsen sine overskytande midlar til avvikling av eit føremål godkjent av NSF.